



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18604 - 20/76944

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
02.12.2020

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 107/7

Tiltak: Utvida bruk av eksisterande avkjørsle
Byggestad: Kolåsvegen – Gbnr 107/7
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søker: Alver kommune v/Bente Kopperdal Hervik

Delegertsak nr.: 1304/20

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel frå kommunal veg for parkeringsplass med 25 biloppstillingsplasser datert 30.11.2020.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle i samband med utviding av parkeringsplass for turgåarar i Kolåsfeltet. Parkeringsplassen skal utvidast frå ca 10 plasser til 25 plasser. Parkeringsplassen er for personbilar.

Vurdering/drøfting:

Kolåsvegen er ei kommunal veg med to kjørefelt. Vegen er skilta med fartsgrense 30 km/t. Avkjørsla som det søkast utvida bruk for ligg i ei ytersving. Siktzone for avkjørsle følgjer av Vegnormal N100 og er ihht fartsgrensa satt til 3 x 20 meter.



Tiltaket må plasserast slik at det ikkje kjem i konflikt med avkjørsla sin siktzone. Siktzone skal, til ein kvar tid, haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla. Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå.



Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørslar for utviding av parkeringsplass på gbnr 107/7 på vilkår.

Vedtak:

kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørslar frå kommunal veg for parkeringsplass på gbnr 107/7 på vilkår. Løyve er gitt med heimel i veglova §§ 40-43.

Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørslar skal være opparbeidda slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørslar som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørslar, sikt, svingradius, drenering under avkjørslar og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone skal være etablert ihht krav gitt i Vegnormal N100. Siktzone er satt til 3 x 20 meter. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av andre sikthindringar. Eigar/brukarane av avkjørslar skal, til ein kvar tid, halde siktsona fri for vegetasjon og annet som tek sikt i avkjørslar.
- Svingradius i avkjørslar vert sett til $R = 4$ meter.
- Ved fall mot offentlig veg må avkjørslar byggjast og vedlikehaldast slik at den ikkje leder overvatn og søle inn på offentlig veg. Avkjørslar bør, på dei to første meterane, ha eit jamt fall frå kant kommunal veg på 5 cm før vegen stiger.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn i og ut i frå kommunal veg.
- Det skal, under avkjørslar, leggjast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggjast slik at overvatn frå kommunal grøft får fritt løp inn og ut av røret.

Alver kommune gjer merksam på at arbeid med utbetring av avkjørsle kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG